



Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 24.06.2021
Møtestad: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 18:00 - 19:00
Tilsetting kommunedirektør

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Reidar Ulvøy	AP	Medlem
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Morten Sognnes	H	Medlem
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem
Lise Renate Helle	SP	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Marita Terese Bru	BIA

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Jan Erik Espelid	BIA	Varamedlem

Desse møtte frå administrasjonen:

Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore, Monika Kvamme, Odd Harald Dommersnes, Thomas Lindås

Austrheim 25. juni 2021

Per Lerøy
ordførar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
057/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
058/21	Godkjenning av møteprotokoll
1	Melding til kommunestyret - Referat styremøte Norske petroleumskommunar
059/21	Tilsetting av kommunedirektør
003/21	Orienteringar

057/21: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

24.06.2021 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 057/21 - 24.06.2021 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent

058/21: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

24.06.2021 KOMMUNESTYRET

Møteprotokollen frå kommunestyret 16. juni var ikkje sendt ut til kommunestyret. Denne kjem til neste kommunestyre.

KS - 058/21 - 24.06.2021 - Vedtak:

Møteprotokoll frå sist møte vert tatt i neste møte.

1: Melding til kommunestyret - Referat styremøte Norske petroleumskommunar

Rådmannen sitt framlegg:

24.06.2021 KOMMUNESTYRET

Meldinga var ettersendt til kommunestyret som orientering, etter at denne saka var oppe i møtet 16. juni 2021.

KS - 1 - 24.06.2021 - Vedtak:

Kommunestyret tok meldinga til vitande.

059/21: Tilsetting av kommunedirektør

Rådmannen sitt framlegg:

Bjørnar Fjellhaug vert tilsett som kommunedirektør i Austrheim kommune, frå 1. juli 2021.

24.06.2021 KOMMUNESTYRET

Ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om arbeidet med tilsettinga av kommunedirektør. Lerøy har hatt med seg varaordførar Inger Lise Brekke (H) og leiar i det største opposisjonspartiet Helge Dyrkolbotn (KrF), samt dei tillitsvalde Janina Fenne (Fagforbundet) og Monika Soltveit Gabrielli (Utdanningsforbundet), i eit utvida tilsetjingsutval.

Saman med Mercuri Urval har det utvida tilsetjingsutvalet sortert dei som hadde søkt. 5 av dei 16 som hadde søkt jobben vart kalla inn til intervju med det utvida tilsetjingsutvalet. 4 av desse vart testa av Mercuri Urval, og det vart etter råd frå konsulentfirmaet gjennomført eit andre intervju med alle desse fire.

Heile formannskapet samt dei to tillitsvalde deltok i den siste intervjurunden, og ein enda då opp med tre kandidatar som alle kunne ha gjort ein god jobb som kommunedirektør. Det var ein av desse som alle kunne stilla seg bak, det er fungerande kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug. Fjellhaug fekk tilbodet tysdag, og takka ja til stillinga.

Ordførar Lerøy refererte til vurderingane som Mercuri Urval har gjort i samband med tilsettingsprosessen.

- Tilsetjingsutvalet trur at me har funne ein veldig god kandidat som kan ta Austrheimskuta vidare på ein trygg måte. Det har vore ein god prosess, med samarbeid med dei tillitsvalde, der desse har hatt like mykje å seia som dei politisk valde. Trygg på at ein har funne ein god kandidat som vil gjera ein god jobb, sa ordføraren.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for å tilsetta Bjørnar Fjellhaug som kommunedirektør i Austrheim kommune.

KS - 059/21 - 24.06.2021 - Vedtak:

Bjørnar Fjellhaug vert tilsett som kommunedirektør i Austrheim kommune, frå 1. juli 2021.

003/21: Orienteringar

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret tok orienteringa om ulike fond til vitande. Det skal orienterast om prosjekt på neste kommunestyremøte.

24.06.2021 KOMMUNESTYRET

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om bruk av fond (orienteringa ligg ved møteboka).

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for å ta orienteringa til vitande. Kommunestyret ba om å bli orientert om prosjekt på neste kommunestyremøte.

KS - 003/21 - 24.06.2021 - Vedtak:

Kommunestyret tok orienteringa om ulike fond til vitande. Det skal orienterast om prosjekt på neste kommunestyremøte.
